



Møteprotokoll

Utval: Folgefonna nasjonalparkstyret

Møtestad: Rosendal

Dato: 14.03.2024

Tidspunkt: 09:00 - 14:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigrd Brattabø Handegard	Medlem	Vestland fylkeskommune
Roald Aga Haug	Medlem	Ullensvang kommune
Vegard Bjørnevik	Medlem	Kvinnherad kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Andreas Grumheden		Etne kommune

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn	
Lars Mikkjel Hus Kråkenes	rådgjevar
Øystein Wallevik	rådgjevar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/24	Konstituering av Folgefonna nasjonalparkstyre for perioden 2024-2027		2023/17925
ST 4/24	Tildeling drift- og tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2024		2023/17925
ST 5/24	Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av sikringshytte - Holmaskjer turisthytte - Odda/Ullensvang turlag		2024/789
ST 6/24	Referatsaker		
RS 1/24	Folgefonna nasjonalpark - svar - rapportering antall anmeldelser til politiet i 2023	X	2024/486
RS 2/24	Folkemøter - revisjon Forvaltningsplan - Folgefonna nasjonalpark - landskapsvernområder		2023/15549
RS 3/24	Bondhusdalen landskapsvernområde - oversending av dokument - rettsbok med kart - Haugalandet og Sunnhordland Jordskifterett		2024/2227
RS 4/24	Folgefonna nasjonalpark - application - internship - Sophy Kley		2024/3081
ST 7/24	Delegerte saker		
DS 1/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - nyttetransport med helikopter - Sandvin - Vierdal		2024/2330
DS 2/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - fleirårig - snøskuter - nyttetransport til stølshus - Espeland til Liasete - Tori Kambestad		2024/420
DS 3/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - hogst av ved til eige bruk - Lundal Sameige		2023/18712
DS 4/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - søknad motorferdsel - snøskuter - Espeland til Buerstølen og Langgrødbotnen		2024/2214
DS 5/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Bondhusdalen landskapsvernområde - drone - Statkraft AS		2024/864
DS 6/24	Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - dispensasjon for motorferdsel - forskningsprosjekt UIB - Jostein Bakke		2024/2475
DS 7/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - fleirårig - snøskuter - Sandvinsstølane		2023/18548

ST 1/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 14.03.2024

Handsaming i møte

Møteinnkalling vart oppdatert til å inkludere ST 5/24. Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjent.

Vedtak

ST 2/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 14.03.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Styreleiar Sigrid Brattabø Handegard og nestleiar Vegard Bjørnevik skriv under protokollen.

ST 3/24 Konstituering av Folgefonna nasjonalparkstyre for perioden 2024-2027

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 14.03.2024

Handsaming i møte

Det vart valt leiar og nestleiar. Styret såg ikkje behov for å opprette arbeidsutval. Med eit styre på berre 4 medlemmer, har det ikkje vore vanskeleg å samle styret for handsaming av saker. Delegeringsreglane vert lagt fram som sak til handsaming på neste styremøte.

Vedtak

I medhald av punkt 2 i vedtekter av 19.01.2024 for Folgefonna nasjonalparkstyre, vart styret konstituert med val av leiar og nestleiar for perioden 2024-2027:

Leiar: Sigrid Brattabø Handegard

Nestleiar: Vegard Bjørnevik

ST 4/24 Tildeling drift- og tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2024

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 14.03.2024

Handsaming i møte

Innstillinga vart samrøystes vedteke. Styreleiar føreslo at eit eventuelt overskudd av driftsmidlar kan nyttast til transport av skuleklassar som vil besøke Folgefonnssenteret. Forvaltar vil sjå på kva midlar som kan nyttast til dette føremålet.

Vedtak

Tiltaksmidlane blir fordelt i tråd med søknad.

ST 5/24 Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av sikringshytte - Holmaskjer turisthytte - Odda/Ullensvang turlag

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 14.03.2024

Handsaming i møte

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 gir Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til å byggje ei sikringhytte ved Holmaskjer turisthytte i Folgefonna nasjonalpark. Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld bygging av sikringshytte med ytre mål som samsvarar med teikningane vedlagt i søknaden.
2. Plasseringa av sikringshytta skal samsvare med situasjonskart (Figur 4) og bileta som indikerer dei fire hjørna på sikringshytta med propantankane.
3. Eksisterande bygg for toalett og vedskjul skal fjernast seinast innan eit år etter at sikringshytta står ferdig.

4. Overnattingsfasilitetane på Holmaskjer skal ha same DNT-status som tidlegare, altså sjølvbetent hytte.
5. I driftsfasen av den nye sikringshytta skal nivået på motorferdsel liggje på dagens nivå.
6. Dersom sikringshytta av eller av ein eller anna årsak mister sin funksjon eller blir øydelagt, har tiltakshavar ansvar for å fjerne den (§ 11)
7. Ved vesentlege endringar i byggjeprojektet skal nasjonalparkstyret bli underretta. Dette gjeld framdrift, grunnforhold, fasade og anna.
8. Søkjar er ansvarleg for å rydde opp etter byggjearbeidet og forsvarleg handtering av avfall og rivingsmateriale.
9. Byggjearbeid skal vere avslutta og plassen rydda for byggjeavfall innan 01.09.2024.
10. Når tiltaket er ferdig skal det dokumenterast med bilete som vert sendt til nasjonalparkstyret
11. Naudsynt motorferdsel må søkast om i eigen søknad. Søknaden må ha gode utrekningar på tal hiv og estimere om lag når det er aktuelt å fly.

Søkjar er sjølv ansvarleg for å skaffe naudsynt byggjeløyve frå kommunen, etter plan- og bygningslova. Og må i tillegg skaffe løyve frå Statskog og aktuelle grunneigarar.

ST 6/24 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 14.03.2024

Handsaming i møte

Representant frå grunneigarane i Bondhus, Tore Bondhus og Espen Sagen frå Småkraft AS fekk høve til å fortelje om planar dei har for småkraftutbygging i Bondhusdalen. Folgefonna nasjonalparkstyre tek referatsakene til vitende.

Vedtak

ST 7/24 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 14.03.2024

Handsaming i møte

Vedtak

